

## Forpliktande samarbeid når vi er bekymra

Dersom det oppstår noko som gjev grunnlag for bekymring, har du **plikt** til å reagere (Barnehageloven §22: Opplysningsplikt til barnevernet, Opplæringslova §15-3: Opplysningsplikt til barnevernet og Barnevernloven §6-4: Opplysningsplikt).

Ved mistanke om seksuelle overgrep, fysisk mishandling, der vald og truslar om vald blir brukt som maktmiddel eller der viktige bevis kan gå til spille eller liv og helse står i alvorleg fare, skal henvendelse til politi og/eller barnevern skje UTAN at foreldre vert kontakta! (sjå «Framgangsmåte- incestsaker/mistanke om seksuelle overgrep/vald mot barn»)

Når du er bekymra:

### Handling

1. Når bekymring oppstår, skal du kartlegge, konkretisere og dokumentere det som faktisk har hendt. (jf rettleiar trinn 1)
2. Når kartlegginga er gjennomført skal du drøfte bekymringa med nærmaste overordna – eventuelt i eit kollegabasert team. (jf rettleiar trinn 2)
3. Kall deretter inn foreldre/føresette til samtale der du konkretiserer kva bekymringa går ut på. Ungdom bør inviterast til å ta del i møte, men dette må vurderast i kvar enkelt sak, utifrå kva saka gjeld og ungdommen si mogning. (jf rettleiar trinn 3)
4. I løpet av samtalen kan ein saman med foreldre/ungdommen lage ein skriftleg avtale om vidare saksgang. Denne avtalen er å sjå på som referat frå samtalen. Avtalen skal underskrivast, og alle deltakarar får kvar sin kopi. Nye viktige opplysingar som kjem fram i løpet av møtet, noterast. (jf rettleiar trinn 4, samt avtaleskjemaet)
5. I saker der fleire partar/instansar må involverast for å løyse problemet, gjev foreldre/ungdommen sitt samtykke til at aktuelle instansar kallast inn til oppfølgingsmøte, gjennom å underskrive avtalen/møtereferatet. (jf rettleiar trinn 4)
6. I oppfølgingsmøte lagar ein handlingsplan der aktuelle tiltak vert konkretiserte, ansvar vert fordelt og tidsperspektivet vert gjort klart. (jf rettleiar trinn 5)
7. Dersom tiltaka ikkje fører til ønska endring og den bekymringsfulle situasjonen vedvarer, skal ei eventuell tilvising/melding til anna instans drøftast med leiar. (jf rettleiar trinn 6)
8. Om du ynskjer, kan du drøfte bekymringa anonymt eller ope med barn/unge og deira familie til stades, med HSP eventuelt FamilieForum, eller med barnevernstenesta, før vedtak vert fatta om kva som vidare skal skje. Det er leiar for aktuell eining/fagleiar som fattar vedtak.

### Ansvar

- Den person som først får ei bekymring i høve eit barn/ungdom/familie har ansvar for å ta bekymringa på alvor og bringe bekymringa vidare til næraste overordna.
- Den eining der bekymringa oppstår, har ansvar for å kalle inn føresette/ungdom til samtale, samt har ansvar for at det vert laga ein forpliktande avtale.
- Den eining som har kalla inn til oppfølgingsmøte, har ansvar for å lage handlingsplan, at den vert skriven under av alle involverte, og at tiltak vert sette i gang.
- Den eining som vurderer at tiltak som er utprøvd ikkje gjev nødvendig endring, har ansvar for å orientere foreldre/føresette, samt bringe saka vidare.

## Samtykke

- Informasjonsutveksling mellom fagpersonell krev samtykke. Den enkelte teneste er bunde til sitt lov- og forskriftsverk. Den enkelte fagperson er bunden av teieplikt ut frå same lov- og forskriftsverk. I Luster kommune nyttar vi skjemaet: “Samtykkeerklæring for tverrfagleg samarbeid”, som ligg i LKK. Brukar/pårørande skriv under på kven som kan utveksle informasjon og kva informasjon som kan utvekslast.